



Lindås kommune ved eigedom

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/28 - 17/34117

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

01.12.2017

Vedkomande oljeutskiljar driftstasjon - gbnr 137/661 Stølen

Teknisk drift syner til telefonsamtale med Kjell Mogen 01.12.2017 og tidlegare korrespondanse vedkomande drift og vedlikehald av oljeutskiljar ved Stølen 7.

Teknisk drift ber eigedom, drift, om å få tømt anlegg omgåande. Det skal før tømning av anlegg tas ei representativ prøve av utsleppsvatn frå anlegg. Vassprøve skal analyserast av godkjent laboratorium. Tømmerapport og svar på analyse skal sendast inn til Teknisk drift omgåande.

Det er krav om skriftleg avtale med godkjent tømmeffirma. **Kopi av avtale skal være Teknisk drift i hende før anlegg vert teke i bruk.** Avtale skal omfatte minimum 1 tømning og 1 analyseprøve per år. Vi ber eigedom om å få på plass avtale omgåande.

Teknisk drift har motteke melding frå andre aktører som har krav om utskiljaranlegg. Dei ber kommunen om å få kontroll på eigne anlegg før dei krev tømning og rapporter frå andre. Meldarane har trukke fram kommunen sine anlegg i Stølen 7 og Kvassnesvegen 27. Meldarane har gitt beskjed om at dersom kommunen ikkje får kontroll på eigen anlegg, vil kommunen verte rapportert inn til fylkesmannen. Meldarane vil også ta kontakt med avisene.

Eigedomsavdelinga har driftsansvar for alle utskiljaranlegg som er knytt til kommunale bygg. Utskiljaranlegg ved Stølen 7 er eigedom sitt ansvar.

Teknisk drift sett nå ei frist for å få på plass avtale og få utført tømning til: **fredag 08.12.2017.**

På bakgrunn av krav om tømning av anlegg minimum 1 gong per år, samt at avtale skulle ha vore på plass før anlegg vart teke i bruk vert det sett ei kort frist for å få utført dette.

Førehandsvarsel om tilsyn

På bakgrunn av manglande innsending av dokumentasjon på drift og vedlikehald av anlegg, ser vi at det er behov for å utføre tilsyn. Teknisk drift vil kalle inn til møte/tilsyn dersom etterspurt dokumentasjon ikkje vert sendt inn innan gitte frist.

Dette brev anses som førehandsvarsling etter forvaltningsloven § 16.

Det er med heimel i forureiningsforskrifta § 15-2 at kommunen skal føre tilsyn med oljeutskiljaranlegg som nemnt i § 15-

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



1. Dette gjeld utslipp av oljehaldig avløpsvatn frå bensinstasjoner, vaskehaller for kjøretøy, verkstader etc. Føremål med tilsyn er å sikre at anlegg vert tømt og vedlikehalde slik at krav til oljeinnhald i i utsleppsvatn vert stetta. Eigar av anlegg skal ved innsending av årsrapport dokumentere drift og vedlikehald av anlegg og at anlegg stettar krav til oljeinnhald i utsleppsvatn.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Lindås kommune ved eigeidom